



PLAN FOR LEGEUTDANNING 2025-27

1. Spesialitet

Barne- og ungdomspsykiatri

2. Om avdelinga og seksjonane

Helse Førde HF – Klinikk for psykisk helsevern omfattar alle tenester innanfor psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Førde/Sogn og Fjordane, og er organisert som éin av tre klinikkar i føretaket.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) er éin av fire avdelingar i klinikken, og består av fire seksjonar; tre poliklinikkar og ein sengepost for ungdom.

Poliklinikkane er generalistpoliklinikkar og er lokalisert i Førde, Sogndal og på Nordfjordeid. Sengeposten er lokalisert i Førde.

Førde BUP dekker 7-8 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn og ein barnebefolkning på ca 12 800. Førde BUP held til i bygget for psykisk helsevern på sjukehusområdet, opna i 2021, og har såleis svært gode fasilitetar.

Nordfjord BUP ligg på Nordfjordeid og dekker 3-4 kommunar i Nordfjord og ein barnebefolkning på ca 6900. Poliklinikken ligg på sjukehusområdet på Nordfjordeid saman med Nordfjord sjukehus (lokalsjukehus) og Nordfjord psykiatrisenter (DPS). Lokala er for små, og det er planlagt utviding.

Sogndal BUP er samlokalisert med Indre Sogn psykiatrisenter (DPS) i gode lokale frå 2004. Poliklinikken dekker seks kommunar i Indre Sogn og ein barnebefolkning på ca 6000. Lokalsjukehuset for Indre Sogn ligg i Lærdal.

Felles for poliklinikkane er at ein er lokalisert i eitt bygg og same etasje, og at alle fast tilsette som hovudregel har eigne kontor. I periodar der ein har fleire tilsette i deltids- eller korttidsstillingar må nokon rekne med å dele kontorplass.

Det er kort avstand mellom behandlarkontor, ekspedisjon, spesialrom som leikerom, familierom, ungdomsrom, testrom, undersøkingsrom mm. Det er også kort avstand mellom LIS, overlege og dei andre behandlerane, og det er oversiktlege tilhøve og enkelt å få vere med på ulike undersøkingar og å be om hjelp.

Ungdomsposten (UPH) ligg òg på området til Førde sentralsjukehus. Der ligg òg Psykiatrisk klinikk med DPS- og sjukehusfunksjon for vaksne. UPH har seks sengeplassar og akuttfunksjon, og driv utgreiing og behandling av alle vanlege barne- og ungdomspsykiatriske tilstandar. Ein har eige skuletilbod.

UPH er godkjent for tvunge psykisk helsevern.

LIS 3 ved Førde BUP og UPH deltek i felles vaktordning for UPH og akuttpost for vaksne, saman med LIS 1/LIS 3 i psykiatri ved Psykiatrisk klinikks (7-/9-delt forvakt). LIS 3 ved Nordfjord BUP og Sogndal BUP deltek ikkje i vaktordning.

Overlegane i PBU har bakvakt på UPH i heimevaktordning.

UPH hadde i 2024 100 innleggingar (59 pasientar) og totalt 1266 liggedøgn. 2/3 av innleggingane var ØH.

Poliklinikkane tok i 2024 imot 800 tilvisingar og gjennomførte 19000 pasientkontaktar.

3. Bemanning

Avdelinga er tverrfagleg bemanna og har om lag 45 fagstillingar på poliklinikkane og 25 på UPH. I følgje bemanningsplanen til PBU skal det vere ni stillingar for overlege og to for LIS 3 i avdelinga.

Det er fast tilsett overlege på alle seksjonane. LIS 3-stillingane vert fordelt etter behov og tilgang på utdanningskandidatar, og i 2025 vil det vere LIS på alle poliklinikkane.

4. Utdanning

PBU har prosedyre for ansvar og roller for utdanning i barne- og ungdomspsykiatri.

PBU har eit utdanningsutval med representantar for LIS og overlegar. Det er planlagt fire møte pr år. Utdanningsutvalet bidreg til å samordne og legge til rette for all utdanning av legar i avdelinga. Utdanningsansvarleg overlege er leiar for utvalet, og avdelingssjef har det overordna ansvaret for utdanningsverksemda.

LIS 3 kan gjennomføre heile spesialistutdanninga i barne- og ungdomspsykiatri i Helse Førde. Gjennom teneste på BUP poliklinikk (24-36 mnd) og sengepost for ungdom (12-24 mnd), samt i psykisk helsevern for vaksne (12 mnd), vil ein få dekka alle læringsmål og læringsaktivitetar. Pasientgrunnlaget er tilstrekkeleg til at ein får erfaring med alle vanlege pasient-/diagnosegrupper, og med éin/få LIS på kvar seksjon er det i liten grad «konkurranse» om pasientane.

Teneste i psykiatri kan gjennomførast på akuttpost eller DPS (poliklinikk eller sengepost). Læringsmåla i pediatri vil dekkast gjennom 6 mnd teneste på barneavdelinga ved Førde sentralsjukehus.

Ved tilsetjing av LIS 3 kan det bli sett opp ein plan for gjennomføring av heile spesialistutdanninga, slik at utdanningsløpet for kvar LIS vert forutsigbart og samordna. Samarbeidande avdelingar bidreg til at dette fungerer godt.

Det er vanleg og føremålstenleg å starte spesialisering i barne- og ungdomspsykiatri med teneste på poliklinikk.

Sentrale kliniske tema i poliklinikk 0-12 mnd: Introduksjon til fagfeltet, med innføring i det barne- og ungdomspsykiatriske perspektivet. Utgreiingsmetodikk og pasientforløp.

Diagnostikk og koding. Lov om psykisk helsevern. Legespesifikke metodar og vurderingar. Evt vaktarbeid. Tverrfagleg samarbeid og samarbeid med eksterne instansar. Utviklingspsykologi, biopsykososial modell, traumeforståing. Nevrobiologiske forstyrringar, inkludert utgreiing og behandling av ADHD. Affektive forstyrringar, inkludert utgreiing og behandling av angst og depresjon. Sjølvskadingsproblematikk. Relasjonsforståing.

13-24/36 mnd: Fokus på meir komplekse tilstandar innan utgreiing og behandling. Nevrobiologiske kompliserte forstyrringar som autismespekterforstyrringar, kompliserte ADHD/ Tourette/ OCD forstyrringar. Eteforstyrringar. Kompleks traumatisering og personlegdomsforstyrringar, med utgreiing og behandling, inkl adjuvant stabiliserande behandling. Sped- og småbarnsarbeid, med foreldrefokusert behandling. Akuttvurdering, vurdering av sjølvmordsrisiko. Psykosar.

Sentrale kliniske tema i post-/døgnteneste: Kompliserte forstyrringar. Personlegdomsforstyrringar. Akuttvurdering, vurdering av sjølvmordsrisiko. Vaktarbeid. Tvungen observasjon og tunge psykisk helsevern. Psykose og bipolar liding. Rusbruk og avhengighetsproblematikk. Samarbeid med barnevern og omsorgsinstitusjonar. Utgreiingsmetodikk og samarbeid med miljøpersonell i vurderingar og utgreiing. Samarbeid med poliklinikk om ØH- og elektive pasientar. Samarbeid med akuttpost for vaksne.

Sentrale kliniske tema i psykiatri: Kliniske forstyrringar etter fylte 18 år, med utgreiing og behandling. Psykose, bipolar liding, rus og avhengigheit. Personlegdomsforstyrring. Traume. Medikamentell behandling. Samarbeid med NAV og andre instansar.

Sentrale kliniske tema i pediatri: Generell pediatri, inkl undersøkingsmetodikk. Det somatiske perspektivet i barn og unge si utvikling. Psykosomatikk.

Det finst ikkje tilbod om toårig utdanning i psykoterapeutisk metode i Sogn og Fjordane. Både RKBU Vest og RBUP Øst og Sør tilbyr vidareutdanningar som er godkjent/tilrådd av spesialitettskomiteen. For vidareutdanning i psykodynamisk psykoterapi har IBUP og Betanien BUP òg vore samarbeidspartnar i nokre tilfelle.

Éin av overlegane på UPH er godkjent psykoterapirettleiar innan psykodynamisk psykoterapi, og éin tilsett ved Førde BUP er godkjent rettleiar innan kognitiv åtferdsterapi.

5. Introduksjonsprogram for LIS 3

Nyttilsett LIS følger rutinar som nyttilsett i PBU Helse Førde. Dette inkluderer gjennomføring av obligatoriske kurs i læringsportalen, opplæring i journalsystem og administrative system (Synergi, MinGat mm), opplæring i sentrale EK-rutinar (td sjølvmordsrisikovurdering, standard kartlegging, behandlingsplan mv).

Oppstartssamtale med overlege og seksjonsleiar i løpet av første veke. Innhold i samtalene vil m.a vere:

- tildeling av rettleiar/-ar og plan for rettleiing
- lage individuell utdanningsplan med tidfesting av rotasjon på ulike læringsarenaer

- c) legge plan for evalueringskollegium halvårleg
- d) gjere kjent kompetanseportalen og tildele supervisørrollar
- e) gå gjennom internundervisningsplan i PBU Helse Førde
- f) gå gjennom vaktordning viss aktuelt. Avtale omvisning på UPH og akuttpost for vaksne.

Første 3-6 mnd er ein introduksjonsfase. I løpet av denne fasen skal LIS ha gjennomført opplæring for nyttilsette og lært grunnleggande driftsrutinar. Det har vore gjennomført vektentleg rettleiing med overlege, og rettleiing i grunnleggande relasjonell forståing bør vere starta opp. LIS inngår i eit tverrfagleg team og skal ha fått ein del erfaring med barne- og ungdomspsykiatriske problemstillingar og arbeidsmåtar, inkludert sjølvstendig pasientarbeid og -ansvar. Pasientarbeid saman med overlege og andre tilsette er prioritert i introduksjonsfasen. Evalueringskollegium etter 6 mnd.

6. Rettleiing, supervisjon og fagleg utvikling

PBU i Helse Førde prioriterer rettleiing til alle nyttilsette. Det vert utnemnt hovudrettleiar (spesialist/overlege) for alle LIS ved tilsetjing. LIS har minst éin time klinisk rettleiing med spesialist i barne- og ungdomspsykiatri pr veke, vanlegvis to. Rettleiing i grunnleggande relasjonell forståing vert gjeve av overlege eller psykologspesialist med særskilt kompetanse (minst 40 t). Rettleiing knytt til psykoterapiutdanning (minst 65 t) kjem i tillegg, og vert gjeve av godkjent rettleiar.

Det skal vere overlege i full stilling ved alle seksjonar som har LIS 3, men LIS og overlege vil ikkje alltid jobbe i same team. Ettersom alle behandlarkontor ligg i same bygg, er det likevel gode vilkår for supervisjon. Ein legg vekt på at LIS og overlege skal ha klinisk arbeid saman.

7. Vurdering og dokumentasjon

Hovudrettleiar har ansvar for at det vert utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS og at denne vert revidert årleg. LIS sin progresjon i utdanninga vert evaluert to gonger årleg i evalueringskollegium der LIS, rettleiar, leiar, UAO og evt supervisørar deltek.

LIS og hovudrettleiar dokumenterer fortløpende gjennomførte læringsaktivitetar og oppnådde læringsmål i Kompetanseportalen. Godkjenning av læringsmål kan òg skje i evalueringskollegium.

8. Internundervisning og fordjupning

Helse Førde samarbeider med Helse Bergen HF om internundervisning i barne- og ungdomspsykiatri. LIS 3 i PBU i Helse Førde deltek digitalt på Helse Bergen si undervisning som følgjer ein treårig rullerande plan basert på læringsmåla i faget og som sikrar at ein dekker sentrale emne. Sjå Helse Bergen HF: <https://www.helse-bergen.no/4af4c9/siteassets/seksjon/utdanning-kompetanse/documents/utdanningsplan-lis-barne--og-ungdomspsykiatri/vedlegg-6---tema-internundervisning-pbu-og-betanien-bup.pdf>

I tillegg har legegruppa i avdelinga månadlege samlingar med internundervisning og anna fagleg innhald. Desse samlingane er dels videobaserte, dels med fysisk oppmøte. På samlingane med fysisk oppmøte vil simuleringsstrenging kunne inngå.

LIS 3 deltek òg på fagdagane som PBU arrangerer vår og haust, evt også ei samling for Klinikk for psykisk helsevern, begge med tverrfagleg innhald.

På denne måten vil internundervisninga for LIS totalt utgjere minst 70 timer årleg, ein dekker alle læringsmål, og talet på legespesifikke emne vert tilstrekkeleg.

Tematisk undervisning frå Helse Bergen HF	42 t pr. år.
Internundervisning på legemøte i PBU	10 t pr. år.
Samlingar i PBU	20 t pr. år

Som supplement til formell internundervisning kjem interne faglege drøftingar og undervisning på seksjonane. Her vil vanlege kliniske emne bli drøfta, inkludert etiske problemstillingar Det vert lagt til rette for at LIS 3 deltek på Grunnkurs BUP og andre obligatoriske og relevante kurs.

Foretaket organiserer rettleiingsgrupper og kurs med tema frå Felles kompetanseomål. Helse Vest RHF (RegUt Vest) arrangerer 2-dagars Regionalt basiskurs i FKM.

LIS 3 har avsett fire timer pr veke til fagleg fordjupning.

9. Forskning og fagutvikling

FKM006 og 007 om forskningsforståing og kunnskapshandtering vert dekka av grupperettleiing for LIS 2/3 som vert arrangert av Helse Førde.

Senter for helseforskning er eit samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet, og senteret samordnar forskningsaktivitet og tilbyr forskningsrettleiing. Psykisk helsevern er eit prioritert område for forsking i Helse Førde HF.

Ein psykologspesialist med doktorgrad har ei forsknings-/fagutviklingsstilling i PBU, og det er sett i gang og gjennomført fleire prosjekt. Det vert lagt opp til at LIS skal vere medarbeidar i minst eitt forsknings- eller fagutviklingsprosjekt i løpet av utdanningstida.

10. Kontakt

Ved generelle spørsmål om utdanning i barne- og ungdomspsykiatri i Helse Førde, kontakt avdelingssjef eller utdanningsansvarleg overlege. Kontakt seksjonsleiar ved spørsmål som er knytt til ein av tenestestadane.